

Notat

Dato: 16.08.2016

OPPFØLGING AV BARN SOM BLIR UTSETTE FOR OVERGREP I SOGN OG FJORDANE

1. Bakgrunn

I saker som gjeld overgrep mot barn er det obligatorisk med avhør i regi av Statens barnehus. I ein del saker er det i tillegg behov for rettsmedisinske undersøkingar. Det aktuelle barnehuset for Sogn og Fjordane er barnehuset i Bergen.

Politiet reknar med at talet på slike tilrettelagde avhør for barn frå Sogn og Fjordane vil ligge kring 100 pr år. Det har vore ein klar auke (dobling) av tal saker i løpet av kort tid.

Det pågår drøftingar knytt til etablering av ein «satellitt» av barnehuset i Bergen lokalisert til Førde. Dette er dels aktualisert av auken i tal saker der barn får lang reisetid i samband med undersøkingar i Bergen, dels av at det er etablert eit fylkesdekkande overgrepsmottak i Førde, ved Førde sentralsjukehus, som det kan vere føremålstenleg å knyte slike funksjonar til.

KS sitt fylkesmøte, som samler 50 delegatar på politisk leiarnivå frå kommunane og fylkeskommunen, har gjort vedtak om at det bør etablerast barnehusfunksjonar i Sogn og Fjordane.

2. Vurdering av behov og tiltak

Alle partar er svært positive til at tilrettelagde avhør skal gjennomførast innanfor rammene av dei tenestene ein no har ved barnehusa. Det er veldig god kvalitet i det tilbodet barna får der, og den fleirfaglige kompetansen ein kan trekke på er særskild god.

Ei viktig problemstilling, som både politiet, kommunane, helseføretaket og andre instansar peiker på, er likevel lang reisetid når barn i Sogn og Fjordane skal til avhør og undersøkingar ved Barnehuset i Bergen. Dette blir ofte ei ekstra belastning for barna, og det kan gi eit dårlegare grunnlag for å gjennomføre avhør med god kvalitet.

Tilbakemeldingane frå etterforskarar og andre som er i nær kontakt med barna, går ut på at mange av barna blir veldig trøytte og slitne av den lange reisevegen (nokre står opp veldig tidleg for å ta seg til barnehuset og bli avhørt same dag). Dei kan då lett miste fokus på det som skal skje i avhøret. Å kome til ein stor by, bu på hotell, osv, kan og sette sitt preg på ein del barn, dei blir opptekne og oppspilte av dette. Slike forhold er ikkje bra verken for barna eller saka. Påtalestyresmakten og/eller barnevernet skal ta ei avgjerd ut frå det som kjem fram i desse avhøra.

I nokre av sakene må det dessutan gjennomførast gjentekne avhør – og desse utfordringane vil ein då ha fleire gonger for det same barnet.

Det er og problem knytt til at barna ofte kjem heim att til foreldra seint på kvelden etter avhøyr. Det at dei er tekne ut av heimen blir ofte i seg sjølv opplevd som eit stort inngrep i familien. Dersom barna ikkje kjem hjem før seint på kvelden, er det vanskeleg å få landa denne tilbakeføringa på ein god måte. Barna og foreldra er slitne, hjelpeapparat som t.d. barnevern er ikkje i funksjon (inga vaktordning), og dette resulterer i at barna får ei negativ oppleving av heile prosessen.

Ei anna utfordring som blir peikt på av politiet, er at det kan vere vanskeleg å skaffe vaksenpersonar som kan følgje barnet, i saker der foreldre eller anne verje ikkje kan bistå. Nokre av barna kan framstå som traumatiserte, og det kan vere utfordrande for ein vaksenperson som i utgangspunktet ikkje er nærstående til barnet å ta ansvar for eit slikt barn under reise/overnatting/avhøyr og tilbakeføring. Dette gjeld ikkje mange saker, men erfaring t.d. frå Nordland, er at dette er ei aukande utfordring – nettopp av dei nemnde årsakene som er gjeldande også i Sogn og Fjordane.

Ved eit tilbod i Førde vil ein kunne redusere reisevegen for barna kraftig. Dette vil gi mindre tilleggsbelastningar for barn som ofte er traumatiserte og legge betre til rette for eit kvalitetsmessig godt avhøyr.

Vidare kan dette senke ein terskel, slik at fleire barn får den oppfølginga dei bør ha med avhøyr og rettsmedisinske undersøkingar.

Det kan også vere føremoner med at slike avhøyr og undersøkingar skjer på ein stad der lokal barneavdeling og psykisk helsevern for barn og unge lettare kan involverast. Dette legg betre til rette for medisinsk og psykologisk oppfølging etter dei traumatiske hendingane barnet har vore utsett for, for å hindre seinskader.

3. Grunnlaget for eit lokalt tilbod i Sogn og Fjordane

3.1 Eigna lokale og støttetjenester

Det er pr juni 2016 etablert eit fylkesdekkande overgrepsmottak for Sogn og Fjordane lokalisert til Førde sentralsjukehus. Dette blir drive i kommunal regi ved Sunnfjord og ytre Sogn interkommunale legevakt (SYS IKL) med legar og sjukepleiarar med særskilt kompetanse, i eiga vaktordning. Tilbodet omfattar både vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep. Det siste er no eit ansvar for helseføretaket, som kjøper tenestene frå det kommunalt drivne mottaket.

Det blir i dag nytta lokale inne på sjukehuset, men det er planlagt og under oppføring eit nytt bygg i tilknytning til sjukehuset som vil stå ferdig i juni 2017. I dette bygget vil det vere nye rom for overgrepsmottak med eige rom som er godt eigna for avhøyrssituasjonar. Desse lokala kan tilretteleggjast med det utstyret som trengst for å ivareta krava til barnehusfunksjonar.

Både sjølve dei bygningsmessige fasilitetane og at ein kan ha tilgang til støtte frå personale med god kompetanse frå SYS IKL og frå Helse Førde i umiddelbar nærleik, legg godt til rette for at politiet sine avhøyr av barn utsette for overgrep kan gjennomførast her. Personell frå både SYS IKL og Helse Førde kan etter nærare avtale og plan bistå politiet i samband med avhøyr og ivaretaking av barn og pårørande i slike situasjonar.

3.2 Nærare om tilgjengeleg kompetanse ved overgrepsmottaket

Nemninga overgrepsmottak blir nytta for et tilbod som omfattar både vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep, jfr ovanfor.

Legevaktsjef ved SYS IKL er fagleg ansvarleg for overgrepsmottaket. Det er tilsett fagutviklingssjukepleiar ved overgrepsmottaket, som har det daglege ansvaret for drift og oppfølging av saker.

Alle som arbeider ved overgrepsmottaket har gjennomført grunnkurs i overgrepsmedisin som blir arrangert av Norsk Kompetansesenter for Legevaktsmedisin (NKLM). Dei tilsette deltek fast på årleg leiarsamling for overgrepsmottak i Norge som blir arrangert av NKLM kvar haust. Det er eit godt samarbeid med øvrige overgrepsmottak i Norge. Det er faste personalmøte med fagleg innhald, der hovedfokuset er praktisk klinisk arbeid ved sporsikring. Dei tilsette vil få tilbod om ytterlegere vidareutdanning innan overgrepsmedisin.

Sjukepleiarane ved mottaket har faste beredskapsvakter. Legane har inntil sommaren 2016 stått på ei «ringeliste», utan beredskapsgodtgjersle. Dette er no endra for å sikre beredskap frå legane.

Mottaket har eit stabilt personale med adekvat og brei kompetanse, der ein er bra oppdekka på dei ulike fagspesialitetane. Eit oversyn over legar og sjukepleiarar som er knytt til mottaket ligg føre i vedlegg til dette notatet.

Frå politiet si side er det gitt tilbakemelding om at ein vurderer kvaliteten ved oppfølginga av dei sakene overgrepsmottaket har hatt som god.

3.3 Nærare om tilgjengeleg kompetanse i Helse Førde

Barneavdelinga i Helse Førde har seksjon for sengepost og seksjon for poliklinikk og habilitering. Avdelinga har 10 tilsette overlegar, der 8 overlegar er involverte i vaktrotasjon. Avdelinga har vidare 4-5 tilsette legar i spesialisering.

Barneavdelinga har ein vaktberedskap med forvakt tilstades på huset (24/7) og bakvakt/tilkallingsvakt. Barneavdelinga tek i dag i mot barn i aldersgruppa 0-16 år, men har plan om å heve aldersgrensa til 18 år etter nasjonal modell.

Barneavdelinga gjennomfører i dag diagnostisering og utgreiing av fysiske overgrep mot barn. Akutthenvendingar frå primærhelsetenesta der det ligg føre ein reell mistanke om overgrep eller annan form for omsorgssvikt (inkl. seksuelle overgrep) skal fortrinnsvis tilvisast til Barneavdelinga som øyeblikkeleg hjelp-problemstilling. Utgreiing av fysiske overgrep med brotskader er ofte eit samarbeid mellom Ortopedisk avdeling, Radiologisk avdeling og Barneavdelinga. Det er tett rettleiing frå/samhandling med personell med spesialkompetanse ved Barneklubben i Bergen og Barneradiologisk seksjon ved Haukeland Universitetssjukehus, med elektronisk overføring av journaldokumentasjon og biletmateriale mellom sjukehusa. Seksuelle overgrep blir kanaliserte vidare for spesialundersøkingar i eigna lokale ved Statens barnehus i Bergen, eller Barneklubben i Bergen.

Det er no eit krav at alle barneavdelingar skal ha sosialpediatrisk kompetanse ¹ ved å ha tilsette sosialpediatarar. Helse Førde arbeider med kompetanseplan for å realisere dette. Sjølv om det ikkje er tilsette med nemninga sosialpediater i helseføretaket i dag, har Helse Førde også i dag tilsette med kompetanse på området.

Barnemedisin er ein spesialitet uten formaliserte subspesialitetar. Spesialistfeltet er breidt, og dekker alle indremedisinske spesialiteter i tillegg til nevrologi, revmatologi, sosialpediatri, hud, habilitering/rehabilitering og nyfødtdmedisin. Ved små og mellomstore avdelingar er det viktig at alle barnelegane har ein brei barnemedisinsk kompetanse som dekker godt alle desse fagområda. Barneavdelinga i Helse Førde har auka kompetansen innen sosialpediatri dei siste åra igjennom auka fokus, tverrfaglighet, internundervisning og betra kontakt med det nasjonale sosialpediatriske fagmiljøet.

Helse Førde vurderer det også slik at rettsmedisinske undersøkingar utført i Førde eventuelt kan skje med bistand, t.d. via video eller ambulerande teneste, frå sosialpediatarar i Helse Bergen eller Helse Stavanger.

I tillegg til Barneavdelinga vil det ofte vere aktuelt å involvere Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) i oppfølginga av barnet. PBU har poliklinikkar i Førde, Sogndal og Nordfjordeid når det er behov for oppfølging i etterkant av innlegging. I tillegg har PBU eiga Ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH). Her kan ungdom mellom 12 og 18 år få tilbod om innlegging for utgreiing eller behandling. Denne avdelinga er lokalisert i Førde. Både UPH og poliklinikkane samarbeider tett med Barneavdelinga når det er behov for det.

3.4 Kva må vere avklart før ein barnehus-satellitt kan etablerast

Før ein kan starte ein barnehus-satellitt i Førde er følgjande nødvendig:

- Lokalitetar og utstyr må tilretteleggjast. Dette vil ein få i nytt bygg frå sommaren 2017.
- Det må inngåast samarbeidsavtalar mellom Statens barnehus i Bergen og SYS IKL /Helse Førde
- Det må ligge føre eit kostnadsoverslag og avklarast korleis forsøket skal finansierast.

4. Oppsummering og vidare oppfølging

Alle partar, både KS/kommunane, SYS IKL, fylkeskommunen og Helse Førde, er samde om at det er eit stort behov for å kunne legge til rette for at avhøyr og rettsmedisinske undersøkingar av barn som er utsette for overgrep kan skje i Sogn og Fjordane. Ein vurderer det vidare slik at det vil ligge godt til rette for å legge dette til lokale disponert av overgrepsmottaket i Førde i nytt bygg ved Førde sentralsjukehus. Det vil her vere gode fasilitetar og kunne ytast god støtte i samband med politiet sine avhøyr.

¹ Sosialpediatri inneber kompetanse på samspelet mellom barnet og omgjevnadene/samfunnet. Dette går m.a. på levekår, livssituasjon og sosiale relasjonar. Sosialpediatarar er barnelegar med spesialkompetanse på klinisk rettsmedisin, og desse har særlege føresetnader for å kunne vurdere barn som har vore utsette for vald eller overgrep.

I tillegg til avhøyr, vil dei rettsmedisinske undersøkingane også kunne utførast lokalt. Om nødvendig vil ein kunne få bistand frå sosialpediatrarar i andre helseføretak t.d. via video eller ambulerande teneste. På sikt vil Helse Førde kunne slik kunne styrke sin eigen sosialpediatriske kompetanse ytterlegare ved å knytte nærare band til det sosialpediatriske miljøet i Norge. Eit lokalt tilbod med involvering av barneavdelinga ved sjukehuset og psykisk helsevern for barn og unge vil også legge betre til rette for medisinsk og psykologisk oppfølging etter dei traumatiske hendingane barnet har vore utsett for, for å hindre seinskader.

Partane ser føre seg ein "satellitt" under barnehuset i Bergen. Her ser ein det som fullt mogeleg å tilfredsstille krava til lokalitetar og utstyr slik at ein kan ivareta alle dei funksjonane og kvalitetane som gjer barnehusa til den unike arenaen dei er for ivaretaking av sårbare barn.

Alle partane vil tilrå at det blir gjennomført forsøk med ein avdeling eller satellitt av Statens barnehus i Bergen, lokalisert til Førde i tilknytning til overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane, frå 2017.

Før oppstart må lokalitetar og utstyr tilretteleggjast, det må inngåast avtalar mellom aktuelle partar og finansiering må vere avklart.

Partane som står bak dette notatet er KS Sogn og Fjordane, Sunnfjord og ytre Sogn interkommunale legevakt (SYS IKL), Sogn og Fjordane fylkeskommune og Helse Førde HF. Notatet bygger dessutan på eit faktagrunnlag frå politiet.

Vedlegg

Oversyn over legar og sjukepleiarar knytt til overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane:

Legar (alle har arbeidd ved mottaket sidan 2013):

- Spesialist allmennmedisin, ferdig spesialist samfunnsmedisin i 2017. Legevaktsjef (40%) ved SYS IKL, kommuneoverlege (50%) Førde kommune.
- Spesialist allmennmedisin, fastlege Førde legesenter.
- Spesialist allmennmedisin, fastlege Førde legesenter.
- Spesialist allmennmedisin, fastlege Gaular kommune.
- Spesialist allmennmedisin, fastlege Askvoll kommune.
- Lege under spesialisering i allmennmedisin, tidlegare 3 års arbeidserfaring som patolog, no fastlege Førde legesenter.
- Lege under spesialisering i allmennmedisin, permisjon frå stilling som fastlege ved Førde legesenter, har det siste året arbeidd ved Bergen legevakt og Bergen overgrepsmottak. Tilbake februar 2017.

Sjukepleiarar:

- Sjukepleiar (7 års ans.) med vidareutdanning i psykisk arbeid med barn og unge (60 st.p). 30 % stilling som fagutviklingssjukepleier ved overgrepsmottaket og 20 % stilling som klinisk sjukepleiar ved overgrepsmottaket frå 2012, 50 % stilling som sjukepleiar ved legevakta.
- Sjukepleiar (10 års ans.) med vidareutdanning som legevaktssjukepleiar (60 st.p). 20 % stilling som fagutviklingssjukepleiar ved interkommunalt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod. 20 % stilling som klinisk sjukepleiar ved overgrepsmottaket frå 2012, 60 % stilling som sykepleier ved legevakten.
- Sjukepleiar (10 års ans.), fast tilsett ved fødeavdelinga ved Førde sentral-sjukehuset, 20 % stilling som klinisk sjukepleiar ved overgrepsmottaket frå 2010.
- Sjukepleiar (10 års ans.) med vidareutdanning i psykisk arbeid med barn og unge (60 st.p). Arbeider fast som psykiatrisk sykepleiar i Jølster kommune. 20 % tilsett som klinisk sjukepleiar ved overgrepsmottaket frå 2012.
- Sjukepleiar (10 års ans.), fleire kurs i akuttmedisin og ambulansemedisin, fast tilsett i Helse Førde i ambulansetenesta, 20 % tilsett som klinisk sjukepleiar ved overgrepsmottaket frå 2012.
- Sjukepleiar (4 års ans.), tilsett ved Medisinsk avdeling i Helse Førde, 20 % tilsett som klinisk sjukepleiar ved overgrepsmottaket frå 2014.
- Sjukepleiar (7 års ans.), har tidligere arbeidserfaring frå overgrepsmottaket i Bergen, fast tilsett ved Kvinneklinikken ved Førde sentralsjukehus, 20 % tilsett som klinisk sjukepleiar ved overgrepsmottaket frå 2014.